

April 2008

Vang historielag

- noko for deg, - eit lag du kan ha interesse av å vere medlem i?

Ved å vere medlem i historielaget støttar du opp om drifta av eit aktivt og oppegåande forum med mange slags påfunn;

- Bokutgjevingar
- Løngt o' løgle
- Div. arrangement: Markeringar, møte, føredrag, kåseri, utstillingar...
- Fotturar og andre turar med historisk sus og triveleg, sosial profil...

Dess fleire som er med, dess større vert mangfaldet.

Medlem i Vang historielag for 2008 vert du ved å betale kontingent, sjå vedlagt giro.

Vil du stå som einskildmedlem kostar det kr. 50.

Betaler du kr. 75 kan fleire / alle i familien stå som medlem.

Og hugs: Anten du betaler i banken med vedlagt giro, ved hjelp av telebank, nettbank eller anna, så oppgje namn på den / dei kontingenten gjeld for på betalingsdokumentet.

Leiar i Vang historielag i år er Harald Olav Jevne, 2973 Ryfoss.

Han kan kontaktast på telefonnr. 613 68 124 / 951 92 015.

Om du vil bruke epost til å nå styret, så er adressa vanghist@start.no

Kasserar: Randi Holien, 2977 Øye.

Styremedlemar: Jan Sparstad, 2975 Vang i Valdres og Ove Bunde, 2973 Ryfoss

Skrivar: Inger Sørnum, 2975 Vang i Valdres

Årsmeldinga for 2007 samt annan informasjon frå laget kan du finne på internettadressa <http://home.no.net/vanghist/> eller du kan kontakte ein av medlemmane i styret for informasjon om både eitt og hitt.

Den nye tida har innhenta historielaget når det gjeld korrespondanse med omverda. D.v.s. at der det er mogleg brukar vi e-post der det før har vori vanleg å sende brev i posten. Vi sparar utgifter til papir, konvoluttar og porto på denne måten, og vi kan nå ut med budskapen raskt. Dersom du som medlem i Vang historielag meiner det er greit å bli kontakta på di e-postadresse for informasjon frå styret, så kan du sende melding om dette til skrivaren si adresse inger.s@bbnett.no

Kva skjer i næraste framtid?

Sundag 25. mai: Kort fottur/synfaring til namnesteinen i Jøvnehaugo

Oppmøte i Thørpegaradn ved Haga kl. 19.00.

Torsdag 12. juni: Tur til Hugakøllin

Oppmøte ved Hugastølen / Alabrue kl. 19.00.

Vi går innom Alasteinadn, og kan hende vert det omvisning i gamle sælet på Hugastølen.

Sundag 17. august: Tur til Hødtinden

Oppmøte på parkeringsplassen ved Tyin kl. 12.00. Turleiar: Sigfred Hovda

Arrangement vert annonsert i Valdres, på heimesida til historielaget (internett) samt plakatar.

Helsing frå styret i Vang historielag